

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-210	23/355

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2023	Formannskapet	PS	27.04.2023
022/2023	Kommunestyret	PS	04.05.2023

Årsrekneskap 2022 - Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

REKNESKAPEN 2022

Revisjonsmelding_Masfjorden_2022

Dato

20.04.2023

20.04.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2022 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, kor både drifts- og investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunelova § 14-3 regulerer handsaming av økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning. Årsrekneskap og årsberetning skal godkjennast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen blir dekket inn.

Kontrollutvalet skal gi utale om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet sin utale vert ettersendt til kommunestyret med kopi til formannskapet etter behandling i møte 25.april 2023.

Revisjonsberetninga og analysedel til rekneskapen er vedlagt saka.

Fakta

Året 2022 ble eit annleis år.

Krig i Europa førte med seg flyktningstraum. Masfjorden kommune har forplikta seg til å busette 50 flyktningar frå Ukraina. Det vert oppretta eiga flyktningkonsulentstilling, vaksenopplæringa vert

styrka og utleigebustadar vert oppgradert med utstyr og nødvendig inventar.

Alvorleg energikrise i Europa førte med seg svært høge kraftprisar. Sørlege delen av Norge opplevde rekordhøg straumpris i 2022, mens i nord var prisen veldig låg mesteparten av året. Straumprisen for landet som heilheit var veldig høg i alle kvartalene i 2022, og spesielt høg i 3.kvartal. Masfjorden kommune fekk rekordhøg salsomsetning frå konsesjonskraft gjennom året og tenestestadane merket òg dei høge straumrekningane.

Styringsrenta i starten av året låg på 0,5 % og på slutten av året var renta auka til 2,75 % etter fleire og store renteendringar frå Norges Bank. Denne utviklinga gir uttrykk både for inflasjonsutviklinga i landet generelt og utviklinga i renteutgiftene for låneforpliktingane kommunen har.

Høg aktivitet knytt til prosjekt innan bustadutvikling, med samla utgifter på 8,5 mill. gjennom året. Aktiviteten er finansiert med tidlegare avsette disposisjonsfondsmidlar.

Tiltak for å redusere vedlikehaldsetterslep på til saman 4,9 mill. gjennom året. Tiltaka er finansiert med tidlegare avsette disposisjonsfondsmidlar.

Masfjorden kommune brukte 9,5 mill. av premiefondet i KLP til betaling av pensjonspremiar gjennom året. Dette har gitt ein positiv likviditetseffekt for kommunen.

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsoverskot på 15,8 mill., og omfattar fleire postar som har lite med den løypande drifta å gjere. Dette omfattar avkastning på overskotslikviditet, ekstra frie inntekter, meirinntekt frå konsesjonskraft, ressurskrevjande tenester og tilskotsordningar, bundne prosjektmidlar med planlagt aktivitet etter 2022. Korrigert for desse forholda skulle netto driftsresultat i 2022 enda på 6,5 mill. (2,0 % av driftsinntekta gjennom året).

Vurdering

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Kommunelova § 14-2 bokstav c) pålegge kommunestyret til å fastsetje finansielle måltal som hjelpemiddel i den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Gjeldande måltal for Masfjorden kommune er jf. KS sak 058/2020:

- Netto driftsresultat over 1,75 %
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto inntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 60 %

Alle tre finansielle måltala er oppfylt i rekneskapen for 2022.

Masfjorden kommune er omfatta av trekket i rammetilskot i 2023, som opphavleg ble berekna til 47,5 mill. Regjeringa har varsla at trekket blir justert i tråd med oppdaterte straumprisar i forslag til revidert nasjonalbudsjett og at det kan bli ein ny justering av trekket i samband med nysaldert budsjett mot slutten av 2023.

Regjeringa har også varsla å komme med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen våren 2023, med verknad frå 2024. Framlagte endringar viser negativt resultat for Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune er avhengig av styrkinga av disposisjonsfondet i 2022 i lys av dei usikre inntektsutsikta for 2023. Ein vedvarande inntektsreduksjon for åra framover kan ha konsekvens for tenestestruktur og -tilbod i åra framover.

Formannskapet - 026/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Årsrekneskapen 2022 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, kor både drifts- og investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.